

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Valnemnda</b>
<b>Møtestad:</b>	Fjernmøte
<b>Dato:</b>	16.06.2021
<b>Tid:</b>	18:15

Lenke for oppkopling til ekstramøtet kjem i outlook.

### Program

Kl 18:15- Saksbehandling

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

### Melding om forfall:

Alle medlemer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemer i valnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Natalia Golis

leiar

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>	<b>U.Off</b>
GK 5/21	<b>Godkjenningssaker</b> Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 9/21	<b>Politiske saker</b> Søknad om fritak frå verv - Alfred Bjørlo - suppleringsval	2019/11	

**Godkjenningssaker**  
**GK 5/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

---

Saksnr: 2019/11-96  
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	9/21	16.06.2021
Fylkestinget	71/21	16.06.2021

**Søknad om fritak frå verv - Alfred Bjørlo - suppleringsval**

## Forslag til innstilling

1. Alfred Bjørlo vert innvilga fritak frå verv som medlem/nestleiar i hovudutval for kultur, idrett og integrering ut valperioden. Fritaket gjeld frå 1. juli 2021.
2. Som ny medlem i hovudutval for kultur, idrett og integrering vert vald: Geir Kjell Andersland
3. Som ny nestleiar i hovudutval for kultur, idrett og integrering vert vald:
4. Som ny varamedlem i hovudutval for kultur, idrett og integrering vert vald: Torstein Tvinnereim
5. Som ny varamedlem i fylkesutvalet, fylkesvalstyret og finansutvalet vert vald: Geir Kjell Andersland

## Samandrag

Alfred Bjørlo (V) har søkt om fritak frå sitt verv som medlem/nestleiar i hovudutval for kultur, idrett og integrering. Bakgrunnen for søknaden er at valnemnda har innstilt Bjørlo til nye verv i samband med behandlinga av Gunhild Berge Stang (V) sin fritakssøknad.

Under føresetnad av at fylkestinget gjer vedtak i tråd med innstillinga frå valnemnda, finn fylkesrådmannen at det materielle vilkåret for fritak etter kommunelova her er oppfylt. Saksframlegget drøftar prinsippet i Vestland fylkeskommune om gjennomgåande representasjon.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Valnemnda har i møte 8. juni 2021 i sak PS 6/21 gjeve slik innstilling til fylkestinget:

1. Fylkestinget innvilgar Gunhild Berge Stang sin søknad om fritak frå verv i folkevalde organ på følgjande vilkår: Fritaket gjeld frå 1. juli 2021 og ut valperioden.
2. Som ny medlem til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald: Alfred Bjørlo
3. Som ny medlem til hovudutval for næring vert vald: Tom Hiis Bergh
4. Som ny varamedlem til valnemnda vert vald: Geir Kjell Andersland
5. Som ny varamedlem til Vestlandsrådet vert vald: Alfred Bjørlo

Alfred Bjørlo har 8. juni 2021 sendt inn slik søknad om fritak og forslag til val:

«Eg syner til sak 6/21 i Valnemnda i møte 8/6, "Søknad om fritak frå verv - Gunhild Berge Stang".

Valnemnda innstiller samrøystes til Fylkestinget på at Gunhild Berge Stang får fritak frå folkevalde verv frå 1. juli 2021 og ut valperioden. Valnemnda innstiller vidare på at underteikna overtek plassen til Gunhild Berge Stang i Fylkesutvalet, Finansutvalet og Fylkesvalstyret.

**Eg ber - på grunnlag av samla arbeidsbelastning med folkevalde verv i kommune og fylke i tillegg til gjeldande prinsipp om at medlemmer i Fylkesutvalet ikkje skal vere leiar/nestleiar i faste utval - ut frå dette om å få permisjon frå vervet som medlem og nestleiar i Hovudutval Kultur ut valperioden.**

Venstre ynskjer då at **Geir Kjell Andersland** overtek plassen som fast medlem og nestleiar i Hovudutval Kultur, med følgjande varaliste vidare: **1. Agnes Hoshovde Bernes, 2. Elizabeth Toft Erichsen, 3. Torstein Tvinnereim.**

Venstre ynskjer også at Geir Kjell Andersland går inn på den ledige plassen som 3. vara til Fylkesutvalet, Finansutvalet og Planutvalet.

Løysinga som her blir skissert, er identisk med det som har vore personkabal for Venstre i perioden juni 2020-april 2021 då Gunhild Berge Stang har hatt midlertidig permisjon frå sine verv, jmf vedtak i PS 75/20 i Fylkestinget i juni 2020. Løysinga rokerer heller ikkje på kjønnskabalen i Hovudutval Kultur verken for faste medlemmer eller varaliste.

Eg vonar søknaden kan innvilgast, og handsamast på Fylkestinget 16.-17. juni.»

Fylkesrådmannen gjer merksam på at fritakssøknaden til Gunhild Berge Stang og val i den samanheng, vert behandla særskild i eige sak i fylkestinget. Valnemnda si innstilling punkt 3 i den saka, reiser prinsipielle spørsmål som har overslag til føreliggjande sak, og som vert drøfta i saksframlegget her.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget avgjer søknader om fritak frå verv i folkevalde organ, jf. kommunelova § 7-9. Fylkestinget gjer nyval og suppleringsval, jf. kommunelova § 7-10. Fylkestinget gjer val av nestleiar til utval, jf. kommunelova § 5-7.

Vurderingar

### Prinsippet om gjennomgåande representasjon

Før fylkesrådmannen går inn på om det materielle vilkåret for fritak i Bjørlo sitt høve er oppfylt, vil fylkesrådmannen knytte nokre merknader til prinsippet om gjennomgåande representasjon og kjønnsbalanse i fylkesutvalet.

Ved konstitueringa av fylkestinget i oktober 2019, vart det i sak PS 2/2019 Reglement for folkevalde organ og delegering gjeve slik omtale av prinsippet om gjennomgåande representasjon:

«I fellesnemnda sitt møte 22.06.2018 i sak 22/18 vart det vedteke at Vestland fylkeskommune skal ha fire hovudutval:

- Hovudutval for kultur, idrett og integrering
- Hovudutval for opplæring og kompetanse
- Hovudutval for samferdsel og mobilitet
- Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

I same sak vart det vedteke at fylkestinget sine 65 medlemmer, med unntak av fylkesordførar, fylkesvaraordførar og kontrollutvalet sine medlemmer, skal fordelast på hovudutvala. Dette inneber at alle medlemmer i fylkesutvalet og skal ha ein plass i eit av hovudutvala. Dette medfører at ein får ei fordeling på 15 medlemmer på kvart hovudutval, sjå og FN-AU-sak 6/19. For å sikre maktspreiing er det ikkje høve for eit medlem i fylkesutvalet å bli utvalsleiar for eit hovudutval.»

I vedteke reglement, er prinsippet nedfelt slik: (likelydande for alle hovudutvala):

«Hovudutval for kultur, idrett og integrering skal ha 15 medlemmer.

Medlemmer og varamedlemmer vert valde av fylkestinget, som og vel leiar og nestleiar. Medlemmene skal veljast mellom fylkestinget sine medlemmer. Kravet gjeld ikkje ved val av varamedlem. Medlem i hovudutval som og sit i fylkesutvalet kan ikkje bli vald som leiar av utvalet.»

I høve føreliggjande sak, vert prinsippet utfordra ved at Alfred Bjørlo, som fylkestingsmedlem, har søkt om fritak frå verv som medlem i eit hovudutval.

I eige sak for fylkestinget om fritak for Gunhild Berge Stang, vert prinsippet utfordra ved valnemnda si innstilling punkt 3. Dette då Tom Hiis Bergh er innstilt som ny medlem i hovudutval for næring, utan å vere medlem i fylkestinget.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at det er Vestland fylkeskommune sitt eige reglement som set krav om representasjon i hovudutval. Kommunelova § 5-6 (2) set krav om at *fylkesutvalet* sine medlemmer skal vere valde blant fylkestinget sine medlemmer, men set ikkje slikt krav for hovudutvala.

Fylkesrådmannen viser til førearbeida til kommunelova § 7-10 om opprykk, nyval og suppleringsval, Prop. 46 L (2017-2018) s. 364:

«*Syvende ledd* gir en uttømmende bestemmelse for hvordan nyvalg og suppleringsvalg skal gjennomføres. Valg av settemedlemmer er uttømmende regulert i andre ledd. Bestemmelsen fraviker dermed hovedregelen om at valg av medlemmer til folkevalgte organer skal foregå ved avtalevalg eller forholdsvalg. Valg av medlemmer etter denne bestemmelsen skal heller ikke foregå som flertallsvalg ettersom det ikke skal være mulig for organets flertall å velge en annen enn den gruppen selv har pekt ut til den ledige stillingen.»

Fylkesrådmannen legg til grunn at førearbeida ikkje gir opning for å innskrenke gruppa (i dette høve Venstre) si valfridom når det skal gjerast nyval/suppleringsval. Fylkesrådmannen legg til grunn at Vestland fylkeskommune sitt eige reglement med prinsippet om gjennomgåande representasjon må lesast i denne kontekst, og tolkast til å vere eit mål-/ønskekrav.

Etter fylkesrådmannen si vurdering, må altså prinsippet om gjennomgåande representasjon vike i høve der ei gruppe peiker ut ein medlem som inneber avvik frå prinsippet.

Når det gjeld søknader om fritak etter § 7-9, som ofte er foranledninga til nyval/suppleringsval etter § 7-10, vil fylkesrådmannen gjere merksam på at dette er ein «kan»-regel, der fylkestinget nyttar skjønn til å avgjere om fritak skal gjevast eller ikkje.

#### Kjønnsbalanse i fylkesutvalet

Av kommunelova § 7-7 (3) følger:

«Hvis organet skal bestå av minst fire medlemmer, skal hvert kjønn være representert i organet med minst 40 prosent. Skal organet bestå av tre eller færre medlemmer, skal begge kjønn være representert i organet. Viser det seg at et valg etter andre ledd vil føre til at kravene i første eller andre punktum ikke blir oppfylt, skal det nødvendige antallet kandidater fra det underrepresenterte kjønn settes inn for å oppfylle kravet. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare skal bestå av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg av arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal reglene i dette leddet følges så langt det er mulig.»

Under føresetnad av at Gunhild Berge Stang sin søknad om fritak vert innvilga, vil Venstre sine medlemmer i fylkestinget vere Alfred Bjørlo og Geir Kjell Andersland (automatisk opprykk). Då kommunelova § 5-6 (2) krev at medlemene i fylkesutvalet skal vere valde blant fylkestinget sine medlemmer, vil det no verte under 40 prosent andel kvinner i fylkesutvalet, utan at dette strir mot kommunelova.

#### Søknad om fritak frå verv som medlem/nestleiar i hovudutval for kultur, idrett og integrering

Av kommunelova § 7-9 (2) følger:

«Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt.»

I fylkesrådmannen si vurdering av om vilkåret her er oppfylt, ligg ein premiss om at valnemnda si innstilling punkt 2 i sak om fritak for Gunhild Berge Stang (sjå eige sak) vert vedteke av fylkestinget:

«Som ny medlem til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald: Alfred Bjørlo»

Bjørlo viser i søknaden sin mellom anna til gjeldande prinsipp om at medlem i fylkesutvalet ikkje skal vere leiar/nestleiar i faste utval. Fylkesrådmannen viser til at dette prinsippet gjeld leiar, jf. reglement for hovudutvala. Til dømes er fylkesutvalsmedlem Marthe Hammer (SV) nestleiar i hovudutval for samferdsel og mobilitet. Fylkesrådmannen finn uansett ikkje at dette er avgjerande for vurderinga av søknaden, og viser til dessutan til at fylkestinget står fri til å gjere val av ny nestleiar utan at det inneber at medlem må skiftast ut.

Fylkesrådmannen slår fast at val til verv som medlem i fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret, samt val til verv som varamedlem i Vestlandsrådet, var ukjende omstende då Bjørlo samtykka i å stille til val. Fylkesrådmannen finn det ikkje tvilsamt at desse verva saman med verv som medlem i fylkestinget, valnemnda og som ordførar i Stad kommune, ikkje let seg kombinere med verv som medlem/(nestleiar) i hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Fylkesrådmannen finn at vilkåret for fritak etter kommunelova § 7-9 (2) er oppfylt.

#### Val av nytt medlem i hovudutval for kultur, idrett og integrering

Av søknaden går fram at Venstre ønskjer at Geir Kjell Andersland overtek plassen som fast medlem og nestleiar i hovudutval kultur, idrett og integrering

Av kommunelova § 7-10 (4) går fram:

«Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité eller fylkestingskomité trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen

som det uttredende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønnnet.»

Av kommunelova § 7-10 (7) går fram:

«Ved nyvalg etter fjerde ledd og suppleringsvalg etter sjette ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen informerer deretter kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som velger den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt. Ved nyvalg etter fjerde ledd rykker det nye medlemmet eller varamedlemmet inn på den ledige plassen. Ved suppleringsvalg etter sjette ledd skal det nyalgte varamedlemmet plasseres nederst på listen over varamedlemmer.»

Venstre har foreslått Geir Kjell Andersland som ny medlem, og fylkestinget skal då gjere val i tråd med deira forslag. Valet kjem ikkje i konflikt med krav om kjønnsbalanse.

#### Val av ny nestleiar i hovudutval for kultur, idrett og integrering

Av kommunelova § 5-7 (2) følger:

«Kommunestyret og fylkestinget velger selv en leder, en nestleder og øvrige medlemmer og varamedlemmer til utvalget.»

Av kommunal- og moderniseringsdepartementet si tolkingsuttale 06.02.2020 følger:

«....

Dersom kommunestyrets ønskede omorganisering av kontrollutvalget er at det ikke gjennomføres nytt valg av alle medlemmene, men kun gjennomføres valg av ny leder og/eller nestleder blant medlemmene som allerede er valgt, så mener departementet at det også er mulig. ...»

Fylkesrådmannen gjer merksam på at uttalen gjeld kontrollutvalet, men at tilsvarande må gjelde òg for andre utval.

Av kommunelova § 7-4 (2) følger:

«Leder og nestleder for folkevalgte organer skal velges ved flertallsvalg.»

Fylkestinget står etter dette fri til å gjere val av ny nestleiar i hovudutval for kultur, idrett og integrering. Valet vert gjennomført som fleirtalsval.

#### Val av ny varamedlem til hovudutval for kultur, idrett og integrering

Av kommunelova § 7-10 (6) følger:

Hvis antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ som er valgt av kommunestyret eller fylkestinget, er blitt for lavt, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Disse varamedlemmene skal velges fra den gruppen som har et for lavt antall varamedlemmer (suppleringsvalg). Hvis det viser seg at denne framgangsmåten fører til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det, hvis det er mulig, velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønnnet.»

Av kommunelova § 7-10 (7) går fram:

«Ved nyvalg etter fjerde ledd og suppleringsvalg etter sjette ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen informerer deretter kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som velger den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt. Ved nyvalg etter fjerde ledd rykker det nye medlemmet eller varamedlemmet inn på den ledige plassen. Ved suppleringsvalg etter sjette ledd skal det nyalgte varamedlemmet plasseres nederst på listen over varamedlemmer.»



Venstre har foreslått Torstein Tvinnereim som ny fast varamedlem. Tvinnereim vert plassert nedst på Venstre si liste over varamedlem. Fylkestinget skal gjere val i tråd med Venstre sitt forslag. Valet kjem ikkje i konflikt med krav om kjønnsbalanse.

Val av ny varamedlem til fylkesutvalet, fylkesvalstyret og finansutvalet

Val er regulert av kommunelova § 7-10 (6) og (7), sjå lovtekst over. Venstre har foreslått Geir Kjell Andersland som ny fast varamedlem. Andersland vert plassert nedst på Venstre si liste over varamedlem. Fylkestinget skal gjere val i tråd med Venstre sitt forslag.

Konklusjon

Fylkestinget innvilgar Bjørlo sin søknad om fritak frå vervet som medlem/nestleiar i hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Fylkestinget vel Geir Kjell Andersland som ny medlem i hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Fylkestinget vel ein ny nestleiar i hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Fylkestinget vel Torstein Tvinnereim som ny fast varamedlem i hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Fylkestinget vel Geir Kjell Andersland som ny fast varamedlem i fylkesutvalet, fylkesvalstyret og finansutvalet.